

EMNERAPPORT

| | | |
|--|----------------|---|
| Emnekode: ELMED312 | Semester: | Institutt: |
| Emnetittel: Legevakt og akutt allmennmedisin | Vår 2019 | Institutt for global helse og samfunnsmedisin |
| Emneansvarlig: Steinar Hunskår | Godkjent i: | |
| Dato: 25. juli 2019 | PUM 18.09.2019 | |

INNLEDNING:

- Oppfølging fra tidligere evalueringer: ikke aktuelt, nytt emne våren 2019

Emnets læringsutbyttebeskrivelse:

Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i form av kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:

Kunnskapar

Studenten har kunnskap om:

- Lovverk som regulerer den akuttmedisinske kjeda og legevakt
- Organisering av den akuttmedisinske kjeda, med vekt på kommunal legevakt
- Dei særeigne allmennmedisinske rammer og arbeidsteknikkar som gjeld ved diagnostikk og behandling ved akuttmedisinske problemstillingar, inkludert diagnostisk og terapeutisk utstyr som vert brukt i legevakt og på allmennlegekontoret
- Dei vanlegaste og viktigaste akuttmedisinske problemstillingane med tilhøyrande diagnostikk og behandling. Eksempel kan vere feber, svimmelhet, synkope, fall og falltendens, pustevanskar, brystsmerter, akutte magesmerter, akutte ryggsmerter, skader og ulukker, sjølvvmordstankar og andre akutt oppståtte psykiske plager, inkludert rusrelaterte problemstillingar

Ferdigheiter

Studenten har praktiske ferdigheiter i å vurdere, undersøke, diagnostisere og behandle dei vanlegaste og viktigaste akuttmedisinske problemstillingane:

- Studenten kan utføre relevant akuttmedisinsk undersøking i høve til problemstillinga
- Studenten kan vurdere dei viktigaste akuttmedisinske symptompresentasjonane, inkludert hastegradsvurdering, bruk av triage, lage diagnostisk plan og bestemme rett behandlingsnivå
- Studenten kan behandle dei vanlegaste akuttmedisinske problemstillingane
- Studenten mestrer førstehjelpsbehandling ved alvorlige skader og livstruande sjukdommar
- Studenten mestrer bruken av nødnett ved å svare på og handtere anrop og kommunikasjon med samarbeidspartar

Generell kompetanse

Studenten har evne til å forstå allmennlegekontoret og legevakt som eit akuttilbod for alle typar helseproblem, og allmennlegen og legevaktleggen sine roller og trong for kompetanse:

- Studenten viser evne til refleksjon omkring eiga rolle og utøving av legearbeidet knytt til akutte problemstillingar
- Studenten er bevisst på grensene for eigen fagleg kompetanse og korleis kompensere for manglar i denne

- | |
|---|
| <ul style="list-style-type: none"> - Studenten viser evne til å kunne samhandle med andre personellgrupper i den akuttmedisinske kjeda - Studenten viser innsikt i ulike etiske og juridiske utfordringar i akuttmedisinens |
|---|

STATISTIKK:

| | | | | | | |
|---------------------------------------|------------------------------------|----|----|----|-----------------|----|
| Mengde vurderingsmeldte studenter: 42 | Mengde studenter møtt til eksamen: | | | | | |
| Karakterfordeling ->: Eller ->: | A: | B: | C: | D: | E: | F: |
| | Bestått: 42 | | | | Ikke bestått: 0 | |

SAMMENDRAG AV STUDENTENE SIN EMNEEVALUERING (hovedpunkt):

Frå fakultetet si felles emneeevaluering for alle dei elektiva kursa har vi saksa følgjande for dette kurset:

9. Underviserne og undervisningen oppmuntrer til aktiv deltagelse -- Ta stilling til påstandene:

| | |
|-------------------------|----|
| Helt enig | 10 |
| Ganske enig | 10 |
| Verken enig eller uenig | 2 |
| Helt uenig | 1 |

11. Jeg hadde alt i alt et godt utbytte av undervisningen/emnet -- Ta stilling til påstandene:

| | |
|-------------------------|----|
| Helt enig | 5 |
| Ganske enig | 10 |
| Verken enig eller uenig | 5 |
| Helt uenig | 3 |

12. Emnet ga faglig kunnskaper og ferdigheter utover det jeg har fått i studiet -- Ta stilling til påstandene:

| | |
|-------------------------|---|
| Helt enig | 1 |
| Ganske enig | 9 |
| Verken enig eller uenig | 7 |
| Ganske uenig | 3 |
| Helt uenig | 3 |

13. Hva kunne vært gjort annerledes i emnet for at utbyttet skulle bli bedre? (her eit utval)

- Mer caser, detaljer tiltaksfase
 - Gått djupare inn på ulike problemstillingar
 - Hospitere på Bergen Legevakt/følge en lege på vakt
 - Undervisningen kunne også gått enda litt videre i vanskelighetsgrad
 - Mer øving på den faktisk situasjonen man har på legevakt, med få diagnostiske hjelpebidrar, få personer til hjelp og dårlig tid.
 - Ønsket å øve på/simulere bruk av nødnett og samband.
 - Tungpustdagen var veldig bra lagt opp, men korte biter av kasusitikker med høy frekvens inni forelesningen. Det å ha dårlig tid til å besvare er også en god ting!
 - Savnet mer symptombasert undervisning, fremfor diagnosebasert undervisning, da pasienten sjeldent kommer med diagnosen i panna på legevakt.
 - Var en del som stod i emnebeskrivelsen som ikke var med i kurset, blant annet ekskursjon.
 - God løsning at vi får satt av tid på ettermiddagen til å lese teorien på egenhånd. Teorien klarer vi å få på plass selv, men det praktiske er veldig greit å få litt ekstra veiledning på.
- Studentane synes at dei alt i alt stort sett hadde utbytte av undervisninga, at læringsform passa til emnet, og at emnet gav noko fagleg kunnskap og ferdigheter utover det dei elles har hatt i studiet.

- Arbeidsmengde var passelig.

Studentane seier seg samla sett heilt eller delvis einig i at dei vil anbefale kurset til andre.

EMNEANSVARLIG SIN EVALUERING:

Da dette var første gongen emnet vart tilbuddt, hadde vi ekstra fokus på evaluering og tilbakemelding:

- Vi hadde fagleg tilbakemelding i form av kursprøve, der alle besto
- Vi hadde munnleg evalueringsrunde siste kursdag, der ei rekke problemstillingar vart tatt opp
- Vi har fått eit stort tilfang av tilbakemeldingar gjennom fakultetet sin evaluatingsordning for alle elektive kurs
- Undervisarane vart bedt om å ha ultrakort tilbakemeldingsøkt på slutten av kvart tema
- Etter kurset har vi hatt skriftleg meiningsutveksling mellom undervisarane og dei dagansvarlege om erfaringane og vi hadde eit eige evalueringsmøte der nesten alle undervisarane møtte.

Samla sett er vi godt fornøgd med kurset og gjennomføringa. Vi er bedt om å halde kurset på nytt V2020.

Det er likevel klart at det er ein del av tilbakemeldingane som bør gripast fatt i og vi har vedtatt visse endringar:

- Emneomtalen må endrast slik at det er godt samsvar med det studentane får av informasjon på førehand og det som kurset faktisk tilbyr
- Litteraturliste og bruk av førehandslitteratur skal oppdaterast
- Vi har ikkje kapasitet eller mulighet til å organisere hospitering
- Vi vil søke om innkjøp av walkie-talkies slik at vi kan simulere bruk av naudnettradio
- Vi må unngå overlapp med anna legevaktundervisning
- Vi vil prøve å gjere teoriundervisninga enda meir dialogbasert
- Vi vil ta ut enkelte emne og erstatte dei med emner foreslått av studentane

MÅL FOR NESTE EVALUERINGSPERIODE - FORBEDRINGSTILTAK:

Vi ønskjer å tilby kurset våren 2020 for inntil 45 studentar.

Forbetringstiltaka framgår av punkta ovanfor.